

	Skjåk kommune	Arkivsak: 2018/224-2 Arkiv: 150 Saksbehandlar: O.G Aamodt Dato: 23.10.2018
---	----------------------	---

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
75/18	Formannskapet	04.12.2018
82/18	Skjåk kommunestyre	20.12.2018

Økonomiplan og budsjett 2019 - 2022

Saksdokument

- Økonomiplan 2019 – 2022
- Budsjettbok 2019

Saksutgreiing

Budsjettprosessen i Skjåk kommune for 2019 ble vedteke i kommunestyresak 20/2018.

Økonomiplan er delt i fire delar; overordna perspektiv, økonomi, medarbeidarar og presentasjon av hovudområde. Rådmann og kommunalsjefar har skreve for kvart sitt hovudområde under punkt 4, presentasjon av hovudområde.

Budsjettboka inneheld både hovudoversikt, rammer per ansvar og detaljbudsjett på drift og investering.

Vurdering

Budsjettvedtaket gjeld for 1 år med omsyn til løyvingar. Det er budsjettoppstilling for 4 år.

Planer, mål, satsingar, utfordringar, tiltak, rammer, strukturelle endringar og økonomisk situasjon går fram av økonomiplan og budsjettbok.

I kommunen sitt investeringsbudsjett ligg det inne prosjekt for heile perioden 2018 – 2021. Det er ikkje inndecking for å gjennomføre alle investeringar i planperioden og gjennomføring og moglegheiter til finansiering må vurderast fortløpande.

Nye reglar frå 2014 krev at eldre løyvingar skal gjentakast i budsjettet. Vi må derfor justere inn ubrukte midlar for eldre løyvingar i budsjettet seinare. Dette blir gjennomført slik at investeringsprosjekta er innanfor ramma av tidligare løyvingar og nye løyvingar som kommunestyret har gjeve. Ubrukte midlar går fram av note 14 i rekneskapen for 2017.

Kommunen har førebels ikkje finansiering av alle investeringsprosjekt i 2019, jamfør punkt 2.3.1 i økonomiplan. Dette gjeld prosjekt 204 Carporter, prosjekt 228 Gatelysarmatur, prosjekt

287 Flombelysning og prosjekt 440 Flaumsikring i budsjettboka. Finansiering må identifiserast før investeringane eventuelt kan gjennomførast.

Låneopptak

- Det er førebels ikkje lagt inn låneopptak i 2019.

Rådmannen si innstilling

Skjåk formannskap tilrår at kommunestyret vedtek fylgjande;

1. Formannskapet sitt framlegg til økonomiplan 2019 – 2022.
2. Formannskapet sitt forslag til budsjett 2019.
3. I medhald av eigedomsskattelova §2 og §3, bokstav C, skal det i 2019 skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett. Kommunen skriv ut skatt på næringsdelen i 2019, for bygningar og grunn, som tidligare er skattlagde som verk og bruk, jamfør andre ledd i overgangsregel til eigedomsskattelova § 3 og 4. Det skrivast ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget, redusert med ein sjuandedel i 2019, jamfør overgangsregel til § 3 og 4, første ledd, første punktum. I medhald av eigedomsskattelova § 11 settast skattesatsen til 7 promille av takstverdien. Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.
4. Rådmannen får fullmakt til å fordele og justere ufordelte lønsmidlar til oppdekking av langtidsfråvær, samt tilhøyrande refusjonar frå Rikstrygdeverket.
5. Rådmannen får fullmakt til å regulere ubrukte midlar frå tidligare års løyvingar på investeringsprosjekt inn i investeringsbudsjettet for 2019.
6. Investeringar som er referert i punkt 2.3.1 i økonomiplan, herunder carporter, flombelysning, gatelysamatur og eventuell flaumsikring, kan gjennomførast fyrst etter at finansiering er identifisert.
7. Skuleskyssen i Skjåk kommune skal følgje lovbestemte skyssgrenser.

Behandling i Formannskapet - 04.12.2018

Punkt 1 – 7 i rådmannen si innstilling vart samrøystes vedtekne.

Nytt punkt 8:

Forslag frå Skjåk Senterparti (Edel Kveen)

Områder som har vesentleg auke på post kurs/opplæring må vurderast på nytt.

Skule: budsjettet må dekke pedagognormen, midlar til § 1-4 i Opplæringslova og aktiv læring skal inn i budsjettet. Det bør ikkje seiast opp faste pedagogstillingar. Hovudutval HOO skal inn i budsjettet.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 9:

Forslag frå formannskapet:

Kantine: Administrasjonen ser på ei anna form for kantinedrift som alternativ til dagens ordning og innanfor sektoren si budsjetttramme.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 10:

Forslag frå Skjåk Arbeidarparti (Eva Therese Hyrve Bosmen):

Rådmannen førebur sak til administrasjonsutvalet om betalt matpause.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 11:

Forslag frå Skjåk Arbeidarparti (Eva Therese Hyrve Bosmen):

Rådmannen skal utarbeide plan for å oppnå netto driftsresultat korrigert for premieavvik på minst 1% av brutto driftsinntekter for 2019.

Kommunestyret skal ha planen til godkjenning innan 28.02.2019.

Planen skal omfatte finansiering av nærings- og landbruksavdelinga (utanom nærings- og landbrukssjef) av ordinære driftsmidlar – ikkje bruk av næringsfond – frå 01.01.2019.

Forslaget vart nedstemt med 2 mot 3 røyster.

Framlegg frå Formannskapet - 04.12.2018

Skjåk kommunestyre vedtek:

1. Formannskapet sitt framlegg til økonomiplan 2019 – 2022.
2. Formannskapet sitt forslag til budsjett 2019.
3. I medhald av eigedomsskattelova §2 og §3, bokstav C, skal det i 2019 skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnettet . Kommunen skriv ut skatt på næringsdelen i 2019, for bygningar og grunn, som tidligare er skattlagde som verk og bruk, jamfør andre ledd i overgangsregel til eigedomsskattelova § 3 og 4. Det skrivast ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget, redusert med ein sjuandedel i 2019, jamfør overgangsregel til § 3 og 4, første ledd, første punktum. I medhald av eigedomsskattelova § 11 settast skattesatsen til 7 promille av takstverdien. Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.
4. Rådmannen får fullmakt til å fordele og justere ufordelte lønsmidlar til oppdekking av langtidsfråvær, samt tilhøyrande refusjonar frå Rikstrygdeverket.
5. Rådmannen får fullmakt til å regulere ubrukte midlar frå tidligare års løyvingar på investeringsprosjekt inn i investeringsbudsjettet for 2019.
6. Investeringar som er referert i punkt 2.3.1 i økonomiplan, herunder carporter, flombelysning, gatelysamatur og eventuell flaumsikring, kan gjennomførast fyrst etter at finansiering er identifisert.
7. Skuleskyssen i Skjåk kommune skal følgje lovbestemte skyssgrenser.
8. Områder som har vesentleg auke på post kurs/opplæring må vurderast på nytt. Skule: budsjettet må dekke pedagognormen, midlar til § 1-4 i Opplæringslova og aktiv læring skal inn i budsjettet. Det bør ikkje seiast opp faste pedagogstillingar. Hovudutval HOO skal inn i budsjettet.
9. Kantine: Administrasjonen ser på ei anna form for kantinedrift som alternativ til dagens ordning og innanfor sektoren si budsjetttramme.
10. Rådmannen førebur sak til administrasjonsutvalet om betalt matpause.

Behandling i Skjåk kommunestyre - 20.12.2018

Heidi Banken stilte spørsmål om sin habilitet pga sitt verv som leiar i Utdanningsforbundet, som også har levert inn innspel til budsjettet. Ordføreren meiner ho er habil, noko kommunestyret samrøystes slutta seg til.

AP v/Stig Banken la fram følgjande tilleggsforslag:

11. Rådmannen skal utarbeide plan for å oppnå netto driftsresultat korrigert for premieavvik på minst 1% av brutto driftsinntekter for 2019. Kommunestyret skal ha planen til godkjenning innan 28.02.2019. Planen skal omfatte finansiering av nærings- og landbruksavdelinga (utanom nærings- og utviklingssjef) av ordinære driftsmidlar - ikkje bruk av næringsfond - frå 01.01.2019.
12. Dønfoss Barnehage skal snarast og i løpet av år 2019 få fullført planlagt tilbygg. Dette skal utførast i samsvar med vedtak i kommunestyre sak 81/17, ny barnehagestruktur. Rådmannen skal til neste kommunestyre komme med ein gjennomføringsplan for prosjektet der forslag til finansieringa er på plass.

SP la fram følgjande forslag:

Tillegg punkt 8: Dette blir dekt inn innafor helse-, omsorgs- og oppvekstsektoren.

Deretter gjekk kommunestyret til avstemming:

Punkt 1 til og med 7: Samrøystes.

Punkt 8: Vedteke med 18 mot 2 stemmer.

Punkt 9. og 10.: Samrøystes

Nytt punkt 11: Forslaget blei nedstemt med 13 mot 7 stemmer.

Nytt punkt 12: Forslaget blei nedstemt med 13 mot 7 stemmer.

Deretter blei heile saka om budsjett og økonomiplan vedteke samrøystes.

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 20.12.2018

1. Formannskapet sitt framlegg til økonomiplan 2019 – 2022.
2. Formannskapet sitt forslag til budsjett 2019.
3. I medhald av eigedomsskattelova §2 og §3, bokstav C, skal det i 2019 skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnettet . Kommunen skriv ut skatt på næringsdelen i 2019, for bygningar og grunn, som tidligare er skattlagde som verk og bruk, jamfør andre ledd i overgangsregel til eigedomsskattelova § 3 og 4. Det skrivast ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget, redusert med ein sjuandedel i 2019, jamfør overgangsregel til § 3 og 4, første ledd, første punktum. I medhald av eigedomsskattelova § 11 settast skattesatsen til 7 promille av takstverdien. Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.
4. Rådmannen får fullmakt til å fordele og justere ufordelte lønsmidlar til oppdekking av langtidsfråvær, samt tilhøyrande refusjonar frå Rikstrygdeverket.

5. Rådmannen får fullmakt til å regulere ubrukte midlar frå tidligare års løyvingar på investeringsprosjekt inn i investeringsbudsjettet for 2019.
6. Investeringar som er referert i punkt 2.3.1 i økonomiplan, herunder carportar, flombelysning, gatelysarmatur og eventuell flaumsikring, kan gjennomførast fyrst etter at finansiering er identifisert.
7. Skuleskyssen i Skjåk kommune skal følgje lovbestemte skyssgrenser.
8. Områder som har vesentleg auke på post kurs/opplæring må vurderast på nytt. Skule: budsjettet må dekke pedagognorma, midlar til § 1-4 i Opplæringslova og aktiv læring skal inn i budsjettet. Det bør ikkje seiast opp faste pedagogstillingar. Hovudutval HOO skal inn i budsjettet. Dette blir dekt inn innafor helse-, omsorgs- og oppvekstsektoren.
9. Kantine: Administrasjonen ser på ei anna form for kantinedrift som alternativ til dagens ordning og innafor sektoren si budsjetttramme.
10. Rådmannen førebur sak til administrasjonsutvalet om betalt matpause.